

# FISKEREGLAR FOR SKJÅK 2023

## Fiskekort

- Med **stang og håndsnøre** fiskar alle gratis opp til fylte 20 år, også utanbygds. Desse treng ikkje å løyse fiskekort.
- Alle personar over 16 år som vil fiske med oter/garn i Skjåk Almenning må ha gyldig fiskekort.

1. Innanbygds kan kjøpe fiskekort som gjeld for stongfiske, reiv, oter og garnfiske i Skjåk Almenning. Familiekort eller enkeltkort.
2. Utenbygdsbuande kan kjøpe fiskekort som gjeld for stong og oterfiske i heile Skjåk eller garnfiske (inkl. også stong og oter) i Skjåk Almenning. Alternativa er døgncort, 3-døgn, veke eller sesongkort.

## Stongfiske - fangstavgrensing

**Otta elv – frå Lom grense til Dønfoss:** Tillate å fange, og avlive maks 1 fisk over 35 cm per dag pr. fiskekort pr. dag.

**Otta elv frå utløpet av Pollvatnet (terskel) til Pollfossen:** Det er tillate å fange, og avlive, maks 1 aure over 35 cm pr. fiskekort pr. dag. Grunnen til innføring av fangstavgrensing er at ein ynskjer å avgrense uttak av stor fisk i vassdraget, då det som regel tek 6-8 år før ein fisk når ei lengde på 35 cm. Stor aure/harr er viktig å ta vare på av omsyn til forvaltning og for å gjere området meir attraktivt for fiske.

**Bruk av levande og daut fisk som agn er forbode - dette for å hindre spreiding av uynskte arter i vassdraga våre!**

**Båtmotor** (inntil 9,9 hk) kan nyttast søknadsfritt på Raudalsvatnet, Breidalsvatnet, Grønvatnet, Aursjoen, delar av Skim, Kolbeinsvatnet og Liavatnet. Motor kan også nyttast på Leirungsvatnet, Torsvatnet og Lundadalsvatnet etter søknad. El-motor inntil 800 W kan nyttast i: Heggjebottvatnet, Vuluvatnet, Heimdalsvatnet, Grotlivatnet, Legervatna og Langvatnet.

## Garnfiske

For fiske med garn i Skjåk Almenning er det fylgjande reglar om fisketid, maskevidder og antal garn:

1. Innanbygds og utanbygds har same reglar for bruk av garn på alle vatn i Skjåk Almenning, med unntak av grensevatna Kolbeinsvatnet og Leirungsvatnet (berre for innanbygdsbuande).
2. Fiskar som har løyst fiskekort kan ha med mannskap i båten utan fiskekort, men desse tel ikkje med for antal garn som kan settas. Er det 2 eller fleire fiskarar i båten med gyldig fiskekort, kan ein fiske med antal garn per kort etter reglane.
3. **Fastståande reiskap** skal berre settas etter kl. 16:00 og må takast opp innan kl. 11:00 dagen etter. Småbanda garn 14/16/19/22 mm kan stå i vatnet døgnet rundt i Breidalsvatnet, Grotlivatnet, Heimdalsvatnet, Vien, Dørvatnet, Liavatnet, Aursjotjønn, Glittervatnet, Syrtbyttvatnet, Mysubyttvatnet, Lundadalsvatnet, Hugguvardtjønn og tjønnene i Jøingsdalen. Slike garn må ha godt synlege sneller med namn/signatur og tlf.nr.
4. Garnfiske er tillate frå isen reiser til isen legg seg att. Isfiske er tillate mot løysing av fiskekort.
5. **Minste lovlege maskevidde er 35 mm der anna ikkje er oppgjeve i lista under.**
6. **Maks antall garn er 2 stk. (50 m) på vatn under 100 da, og 5 stk. (125 m) på vatn større enn 100 da – om ikkje anna er oppgjeve i lista som fylgjer.** Er du i tvil om størrelsen på vatnet, ta kontakt med oss.
7. Garn må merkast med snelle/blåse slik at dei er godt synlege for andre. Garn må kunne identifiserast m/ namn eller initialar. **Det skal brukast flotørar av materiell som ikkje forvitrar i vatn og fører til forureining.**
8. **Brukte garn som blir teke med frå andre kommunar må desinfiseras!** Enten må garn turkast over lengre tid før dei blir nytta i nye vatn, eller bruk middelet VIRKON (kan kjøpas på Felleskjøpet).
9. På dei vatn som er namngjeve nedanfor gjeld fylgjande unntak frå dei generelle reglane om garnfiske (jf. Punkt 6):

| Vatn                                                        | Maks ant. garn pr. garnkort | Moskevidde         |
|-------------------------------------------------------------|-----------------------------|--------------------|
| Aursjoen                                                    | 8 stk. (200 m)              | 35 mm eller større |
|                                                             | 4 stk (100 m)               | 26 mm              |
|                                                             | Uavgrensa antal             | 22 mm eller mindre |
| Aursjotjønn                                                 | 2 stk.(50 m)                | 35 mm eller større |
|                                                             | Uavgrensa antal             | 22 mm eller mindre |
| Aukarsvatnet                                                | 5 stk. (125 m)              | 39 mm eller større |
| Einingsjønn                                                 | 2 stk (50 m)                | 39 mm eller større |
| Bollvatnet, Spongvatnet, Flatvatnet<br>Dørtjønn (1503 moh.) | 10 stk. (250 m)             | 35 mm eller større |

|                                                                                                                                                                                       |                                                                                            |                                            |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------|
| Grotlivatnet                                                                                                                                                                          | 5 stk. (125 m)                                                                             | 29 mm eller større                         |
|                                                                                                                                                                                       | Uavgrensa antal                                                                            | 26 mm eller mindre (pliktig!*)             |
| *Presisering Grotlivatnet: Ein må fiske med <u>minst</u> same antal småbanda garn (under 26 mm) som grove. Eksempel: 2 stk. 35 mm må ein også setje minst 2 stk. 26 mm eller mindre). |                                                                                            |                                            |
| Grønvatnet                                                                                                                                                                            | 15 stk. (375 m)                                                                            | 35 mm eller større                         |
| Hamsedalen 1.-5. vatn                                                                                                                                                                 | 5 stk. (125 m)                                                                             | 35 mm eller større                         |
|                                                                                                                                                                                       | Uavgrensa antal                                                                            | 26 mm eller mindre                         |
| Heggjebottvatnet (inkl. Fredrikavatnet)                                                                                                                                               | 3 stk. (75 m)                                                                              | 29 mm eller større                         |
|                                                                                                                                                                                       | Uavgrensa antal                                                                            | 26 mm eller mindre (5 stk 19 mm pliktig!)  |
| Kolbeinsvatnet (kun innanbygds)                                                                                                                                                       | 10 stk. (250 m)                                                                            | 35 mm eller større                         |
| Langvatnet (Gamle Strynsfjellsv)                                                                                                                                                      | 10 stk. (250 m)                                                                            | 35 mm større                               |
|                                                                                                                                                                                       | Uavgrensa antal                                                                            | 26 mm eller mindre                         |
| Leirungsvatnet (kun innanbygds)                                                                                                                                                       | 15 stk. (375 m)                                                                            | 39 mm eller større                         |
| Liavatnet, inkl. Veslvatnet: Ein må fiske med <u>minst</u> same antal småbanda garn som 35 mm eller større (eksempel 2 stk. 35 mm må ein også setje minst 2 stk. 22 mm eller mindre). |                                                                                            |                                            |
| Lortjønne, Nedre (lengst nord), Storfjorden og «Nebbetjønne/Pålvikje/Eliastjønne»                                                                                                     | 5 stk. (125 m)                                                                             | 29 mm eller større                         |
|                                                                                                                                                                                       | Uavgrensa antal                                                                            | 26 mm eller mindre                         |
| Mysubyttvatnet                                                                                                                                                                        | 7 stk. (175 m)                                                                             | 29 mm eller større                         |
|                                                                                                                                                                                       | Uavgrensa antal                                                                            | 26 mm eller mindre                         |
| Pollvatnet                                                                                                                                                                            | Opna for kultiveringstiltak med garn inntil 24 mm. Dette etter avtale med Skjåk Almenning. |                                            |
| Røykjeskålvatnet                                                                                                                                                                      | 5 stk. (125 m)                                                                             | 29 mm eller større                         |
|                                                                                                                                                                                       | Uavgrensa antal                                                                            | 26 mm eller mindre (pliktig som Liavatnet) |
| Søvertjønne, nedre (1298 moh.) og bandtjønne (1369 moh.)                                                                                                                              | 5 stk. (125 m)                                                                             | 35 mm eller større                         |
|                                                                                                                                                                                       | 5 stk. (125 m)                                                                             | 26 mm eller mindre                         |
| Søverbandtjønne (1488 moh.) Rundtjønne (1438 moh.) og Bottjønne (1371 moh.)                                                                                                           | 5 stk. (125 m)                                                                             | 39 mm eller større                         |
| Torsvatnet                                                                                                                                                                            | 25 stk. (625 m)                                                                            | 35 mm eller større                         |
| Veltdalsvatna                                                                                                                                                                         | 7 stk. (175 m)                                                                             | 35 mm eller større                         |
| Yste Leirvatnet                                                                                                                                                                       | 7 stk. (175 m)                                                                             | 35 mm eller større                         |

|                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
|-------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Vatn med uavgrensa antal garn og fri moskevidd</b> | Breidalsvatnet, Brååvatnet, Nedre Leirvatnet, Dørvatnet, Storvatnet, Glittervatnet, Heillstuguvatnet, Heimdalsvatnet, Huguvardtjønne, Jøingstjønne, Kjerringtjønne, Langvatnet (Geiranger), Langvatnet (Gøymen), Legervatna, Lundadalsvatnet, Raudalsvatnet, Stamåtjønne, Syrtbyttvatnet, Vievatnet, Vuluvatnet (Nysetervatnet), Vassvendtjønne og Vuludalen (vatn over 100 da). |
|-------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Lykretjønne, Flåtjønne, småtjern i/ved Grotli hytteområde og Otta elv (allmenningsgrensa i Nordberg til Høgfossen: **Garnfiske forbode**)

#### Brot på fiskereglane

1. Manglande eller ugyldig fiskekort:
2. Brot på reglar om garnfiske og fangstavgrensing:
3. Brot på fiskereglane kan bli meldt til politiet

**kr. 1500,-**

**kr. 1000,-**